



Geodataplan
for
Møre og Romsdal
2024-2027



Vedtatt 31.10.2023

Innhold

1	Innleiing	3
1.1	Norge digitalt i Møre og Romsdal	3
2	Fokusområde og satsingar i planperioden	3
3	Samarbeid	4
3.1	Organisering av Norge digitalt i Møre og Romsdal	4
3.1.1	Fylkesgeodatautval	4
3.1.2	Arbeidsutval for basisdata	5
3.1.3	Arbeidsutval for plan- og temadata	6
3.1.4	Brukarforum samferdsel	7
3.2	Årlege møte i Noreg digitalt-samarbeidet	7
3.3	Andre geodatasamarbeid i fylket	8
3.3.1	Interkommunale geodatasamarbeid	8
4	Datainnhald	9
4.1	Basisdata	9
4.1.1	Felles kartdatabase (FKB)	9
4.1.2	Ortofoto og andre biletedata	14
4.1.3	Detaljerte høgdedata (terreng og overflate)	16
4.1.4	Matrikkeldata og administrative grenser	18
4.3	Plandata	22
4.4	Temadata	26
4.5	Marine data	30
5	Kompetanse	32
6	Handlingsplan – sjå vedlegg	34

Fylkesgeodataplan

1 Innleiing

Nasjonal geodatastrategi i 2018, «Alt skjer et sted», blei lagt fram av Regjeringa i 2018. Den bygger på og utfyller Digital agenda for Norge, «IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet», jf. Meld. ST. 27 (2015-2016).

I tillegg til strategiens visjon, **Noreg skal vere leiande i bruk av geografisk informasjon**, har han 4 hovudmål og ein handlingsplan som vert revidert årleg.

Geodataplanen er ein plan for Noreg digitalt-samarbeidet i dei enkelte fylka. Han omhandlar aktivitetar dei lokale partane samarbeider om eller planlegg å samarbeide om i sin region. Aktivitetane skal sjåast opp mot måla og tiltaka i handlingsplanen til Nasjonal geodatastrategi.

Arbeid som dei enkelte partane har ansvar for, men som ikkje er omfatta av samarbeidet, er ikkje ein del av denne geodataplanen.

Planen har to delar:

- Eit **Fellesdokument** som er likt i alle fylka i landet. Dette dokumentet inneheld generell informasjon og overordna føringar for det lokale geodatasamarbeidet i Noreg digitalt. Her er det ei kort innføring i korleis Noreg digitalt-samarbeidet er organisert og kva som er dei viktigaste rammevilkåra for samarbeidet lokalt. Dette dokumentet skal vere likt for alle fylke og ikkje endrast lokalt.
- Ein **Fylkesgeodataplan** som er utarbeidd spesielt for eit fylke eller ein region. Fylkesgeodataplanen handlar om dei aktivitetane det blir samarbeidd om lokalt. **Handlingsplanen** føreligg som eit frittstående rekneark (vedlegg) til Fylkesgeodataplanen.

1.1 Norge digitalt i Møre og Romsdal

Organiseringa av Norge digitalt samarbeidet blir presentert i fellesdokumentet. I Møre og Romsdal deltar alle kommunane i samarbeidet, i tillegg til fylkeskommunen, Statsforvaltaren, ei rekke lokale kraftselskap, Statens vegvesen, NVE, Nye Veier, Bane NOR, Telenor og Kartverket.

Møre og Romsdal har sidan 2020 hatt 26 kommunar, f.o.m. 2024 blir det 27 kommunar. Ålesund kommune blir delt og tidlegare Haram kommune gjenoppstår.

Kommunane er inndelt i fire regionar basert på syklusane for Geovekst-prosjekt, sjå kap 3.1.

2 Fokusområde og satsingar i planperioden

Sikre samordning mot aktivitetar i nasjonal geodatastrategi

- Holde oss orientert om aktivitetar i geodatastrategien
- Vere ein aktiv bidragsytar til å kome med innspel til nasjonale satsingar

Fokusområde og satsingar lokalt i planperioden

- Ajourføre FKB-data i område med FKB C/D-standard i heile fylket gjennom Geovekst-prosjekt som nyttar bilete frå omløpsfotograferinga
- Auke samarbeid mellom partane innan samferdselsdata.


- Auka fokus på samsvar mellom matrikkel og FKB-data. Styrke bruken av tiltaks-basen.
- Tilrettelegging for flaumanalyser: Vidareføre arbeidet med kvalitetsheving av FKB-Vann mha. dreneringslinjer. Arbeide for kartlegging av stikkrenner og kritiske punkt i bekk og vassdrag.

3 Samarbeid

3.1 Organisering av Norge digitalt i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal er inndelt i fire regionar i samband med Noreg Digitalt arbeidet.

1. Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda
2. Ålesund, Haram, Sula, Giske, Stranda, Sykkylven og Fjord
3. Molde, Vestnes, Rauma, Aukra og Hustadvika
4. Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Smøla og Aure



Figur 1: Kommunesamarbeid gjeldande frå 2023. Kommunegrensene gjelder frå 01.01.2024.

3.1.1 Fylkesgeodatautval

Ansvaret for arbeid mot handlingsplanen i nasjonal geodatastrategi ligg til utvalet. Representantane er ambassadørar for nasjonal geodatastrategi i deira organisasjonar og mot samarbeidspartar.

Utvalet møtast normalt tre gonger i året. Det eine av desse møta skal vere ei fysisk samling over 2 dagar saman med dei andre utvala. Første slike samling vart gjennomført i august 2023.

Samansetjing

Utvalet skal ha inntil fem kommunerepresentantar, alle regionane bør vere representerte. Utvalet skal ha medlemmer frå Statsforvaltaren, fylkeskommunen og dei andre lokale Geovekstpartane. Partane peiker sjølv ut sine representantar. Det bør vere personar på leiarnivå som blir oppnemnde. Oppnemninga skjer for 4 år i gongen. For personar som alt er med i utvalet blir denne funksjonstida rekna frå og med år 2022. Medlemar som har under 50% oppmøte over ein 2-års periode blir å rekne som passivt utmelde av utvalet. Ved lengre permisjon skal det oppnemnast ein vararepresentant. Kartverket har sekretærfunksjonen, leiar blir utpeika av utvalet. Det bør utarbeidast eige mandat for arbeidet til utvalet og kva oppgåver som skal leggjast til leiarvervet.

I tillegg kan nasjonale Norge digitalt-medlemmar som har lokal representasjon i Møre og Romsdal vere aktuelle å ha med på sikt, slike som Kystverket, Fiskeridirektoratet eller høyskulane.

Medlemene i Fylkesgeodatautvalet:

Representant for	Namn/Tittel	Arbeidsgjevar
Kommunane – region 1	Anita Sundnes	Ulstein kommune
Kommunane – region 2	Jørn Agersborg	Sula kommune
Kommunane – region 2	Knut Helge Skare	Ålesund kommune
Kommunane – region 3	Roar Moen	Molde kommune
Kommunane – region 4	Håvard Stensønes	Surnadal kommune
Energi/nettselskap	Tibor Meszaros	Elinett AS
Statens Vegvesen	Ingunn T. Arctander Jakola	Statens vegvesen, Geodata 1
M & R fylkeskommune, fylkesvegavdelinga	John Hauger	Møre og Romsdal fylkeskommune
M & R fylkeskommune, strategi og styring	Even Tranmæl	Møre og Romsdal fylkeskommune
M & R fylkeskommune, strategi og styring	Johnny Loen	Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, landbruk	Odd Løset	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, miljøvernavinga	Bjarne Otnes	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Kartverket Møre og Romsdal	Bjørge Stavik	Statens kartverk
Kartverket Møre og Romsdal	Marianne Fagerland Kjelstad	Statens kartverk
Kartverket Møre og Romsdal	Sverre Steinnes (sekretær)	Statens kartverk

3.1.2 Arbeidsutval for basisdata

Utvalet møtast normalt tre gonger i året. Det eine av desse møta skal vere ei fysisk samling over to dagar saman med dei andre utvala. Dei andre årlege møta kan bli gjennomført på Teams. Det bør vurderast om oppnemninga til utvalet skal skje for ein avgrensa periode (3-4 år?) og om det skal stillast krav til minimums-frammøte for å behalde plassen. Kartverket har sekretærfunksjonen, leiar blir utpeika av utvalet.

Samansetjing

Utvalet skal ha ei brei samansetjing av fagpersonar. Alle geovekstpartane kan vere med i arbeidsutvalet for basis geodata. Kommunane er representert med inntil to personar for kvar region. Dei enkelte regionane oppnemner sjølve sine representantar. Dei fylkesdekkande partane oppnemner sine representantar sjølve. Tidsperspektivet bør då styrast av ansvarsområde og oppgåver for aktuell representant

Medlemene i utvalet:

Representant for	Namn/Tittel	Arbeidsgjevar
Kommunane – region 1	Kristoffer Hagen	Hareid kommune
Kommunane – region 1	Oda Jonette Hofset	Ulstein kommune
Kommunane – region 2	Sindre Brunvold	Sykkylven kommune
Kommunane – region 2	Tor Even Pedersen	Sula kommune
Kommunane – region 3	Jon Hermann Pilskog Frantzen	Vestnes kommune
Kommunane – region 3	Olivia Ragna Rypdal	Molde kommune
Kommunane – region 4	May Kristin Vassli	Tingvoll kommune
Kommunane – region 4	Tore Gjøl	Surnadal kommune
Energi/nettselskap	Gunnar Ugedal	Mellom AS
Energi/nettselskap	?	
Statens vegvesen	Turid Solheim	Statens vegvesen, Geodata 1
M & R fylkeskommune, fylkesvegavdelinga	Martin Pedersen	Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, landbruk	Odd Løset	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Kartverket Møre og Romsdal	Bjørge Stavik	Statens kartverk
Kartverket Møre og Romsdal	Geir Ingebretsen	Statens kartverk
Kartverket Møre og Romsdal	Trude Helen Fosse Lien	Statens kartverk

3.1.3 Arbeidsutval for plan- og temadata

Utvalet møtast normalt tre gonger i året. Det eine av desse møta skal vere ei fysisk samling over to dagar saman med dei andre utvala. Det bør vurderast om oppnemninga skal skje for ein avgrensa periode (3-4 år?) og om det skal stillast krav til minimums-frammøte for å behalde plassen. Kartverket har sekretærfunksjonen, leiar blir utpeika av utvalet.

Samansetjing

Arbeidsutvalet for plan- og temadata i Møre og Romsdal er representert med GIS / geodatapersonell. Desse kan hente inn anna fagpersonell ved behov.

Medlemene i utvalet:

Representant for	Namn/Tittel	Arbeidsgjevar
Kommunane – region 1	Kristoffer Hagen	Hareid kommune
Kommunane – region 2	Annegret Siejak	Ålesund kommune
Kommunane – region 2	Kjetil Grytten	Haram kommune
Kommunane – region 3	Tina Skarseth/Jannicke Hesthol Løvik	Hustadvika kommune
Kommunane – region 3	Lisa Sklett	Molde kommune
Kommunane – region 4	Håvard Stensønes	Surnadal kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga	Suleyman Chukeli	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, beredskap	Trygve Winter-Hjelm	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
M & R fylkeskommune, strategi og styring	Even Tranmæl	Møre og Romsdal fylkeskommune
M & R fylkeskommune, fylkesvegavdelinga	?	Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen	Turid Solheim	Statens vegvesen, Geodata 1
Kartverket Møre og Romsdal	Sven Michaelis	Statens kartverk
Kartverket Møre og Romsdal	Kathrin Bögelsack	Statens kartverk

Representant for	Namn/Tittel	Arbeidsgjevar
Kartverket Møre og Romsdal	Bjørge Stavik	Statens kartverk

3.1.4 Brukarforum samferdsel

Noreg digitalt-partane har signalisert behov for å opprette eit brukarforum for samferdselsdata i fylket. Målet for eit slikt forum skal vere å auke kompetansen innanfor forvaltning av slike data.

Samansetjing

Det bør ved oppstart vere med ein kommunerepresentant frå kvar region. Kan utvidast på sikt når forumet har funne forma. Det kan og bli henta inn anna fagpersonell ved behov.

Kartverket skal ha sekretærfunksjonen. Fylkeskommunen og Statens Vegvesen må vere sterkt involverte. På sikt kan leiar blir utpeika av brukarforumet.

Forma på utvalet bør kome på plass i løpet av 2024.

3.2 Årlege møte i Noreg digitalt-samarbeidet

Dei årlege Noreg digitalt-møta skal sikre at samarbeidet i fylket blir drive etter føremål i tråd med sentrale og lokale retningslinjer. Som minimum skal det haldast eitt møte for alle Noreg digitalt-partane i fylket der slike saker blir behandla: evaluering av arbeidet føregåande år, årsrekneskap for prosjekta, presentasjon av årets geodataplan, innmelde saker, presentasjon av nye medlemar til utvala.

I tillegg skal det haldast 2-4 regionvise møte om aktuelle fagtema.


I 2024 er det planlagd gjennomført følgjande type møte:

- Mars: Norge digitalt årsmøte. Nettbasert
- Mai/juni: Regionale møter. Fagtema.

3.3 Andre geodatasamarbeid i fylket

3.3.1 Interkommunale geodatasamarbeid

I Møre og Romsdal har vi desse interkommunale geodatasamarbeida:



Figur 2: Kommunesamarbeid gjeldande frå 2023. Kommunegrensene gjelder frå 01.01.2024.

4 Datainnhald

4.1 Basisdata

I dette kapitelet skal det skrivast om basisdata som blir etablert og vedlikehalde gjennom samarbeidet i Møre og Romsdal

4.1.1 Felles kartdatabase (FKB)

FKB er dei mest detaljerte kartdata i Noreg. Desse blir etablerte og forvalta i Geovekst-samarbeidet. Etablering og periodisk ajourføring blir gjennomført i eigne prosjekt, medan det kontinuerlege vedlikehaldet blir regulert gjennom FDV-avtalar for kvar kommune.

Geovekst-partane har vedtatt at forvaltninga av FKB-data skal skje i ein sentral base (SFKB) og at dette er originalen. Sommaren 2023 oppdaterte 343 av 356 kommunar sine FKB-data i SFKB. Det er eit mål at talet blir auka ytterlegare slik at SFKB blir ei kjelde til oppdaterte FKB-data for heile Noreg. I løpet av perioden er det også eit mål å lage eit oversyn på kva behov neste generasjon av forvaltningsløyisinga skal dekke og ein plan for korleis dette kan realiserast.

Nasjonal målsetjing

Dei nasjonale målsetjingane bygger opp om tiltak 9 *Videreutvikle detaljerte grunnkart (FKB) for fremtiden*, i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

Partane skal medverke til revisjon av geodataplanen og delta aktivt i prosjektutforminga av konkrete kartleggingsprosjekt. Dette for å sikre tilstrekkeleg tilgang til oppdaterte FKB-data som dekker brukarane sine behov.

FKB-data skal vere landsdekkande og dei skal etablerast og vedlikehaldas etter Produktspesifikasjon for Felles Kartdatabase. Ny revidert produktspesifikasjon for FKB, versjon 5.0 er nytta i 2022-prosjekta og vil bli nytta fullt ut frå 2023.


Forvaltning, drift og vedlikehald er regulert i FDV-avtalen. Auka fokus på kontinuerleg vedlikehald gjennom sakshandsaminga hos partane vil vere ein viktig del av denne planen. Avtalepartane skal årleg vurdere om det er behov for spesielle kvalitetshevande tiltak i den enkelte kommune eller fylke.

Nasjonalt er det semje om at følgjande område skal prioriterast i planperioden. Desse er nærare utgreia i FKB Kvalitetsplan, utarbeid av Geovekst-forum:

- Gjennomføre bygningskontroll-løype som finn og tel definerte avvik med mål om å redusere talet på avvik med 10 % (2024)
- Gjennomføre samferdselskontroll-løype som finn og tel definerte avvik med mål om å redusere talet på avvik med 10 % (2024)
- Gjennomføre konsistenskontrollar for å forbetre fullstendigheit og konsistens på utvalde objekttypar som FKB-BygnAnlegg, FKB-Ledning og FKB-arealbruk (2024)
- Alle FKB-data på terrengnivå skal ha høgde gjennom å påføre høgde frå NDH. Dette gjelder primært FKB-vann, FKB-TraktorvegSti og FKB-veg (2024)

Målsetting i Møre og Romsdal

- Følgje vedtatt kartleggingssyklus som vil gje kartlegging kvart fjerde år i alle kommunar. Frå og med 2022 samsvarar kartleggingsområda med dei fire regionane i Norge Digitalt samarbeidet i fylket (ref. Figur 3).
- Auke kvaliteten på FKB-data generelt gjennom det løpande ajourhaldet, her under gjennomføring av årlege vedlikehaldsrundar med vekt på konsistenskontrollar. Oppfølgingsmøter med kommunane i etterkant. Erfaringsutveksling, gode forvaltningsrutinar må delast/utarbeidast.
- Minimere talet på kommunar som får trekk i utbetalingane frå geovekst pga. dårlege resultat på reduksjonsfaktor-kontrollen.
- Ajourføre FKB-data i område med FKB C/D-standard gjennom eit eige Geovekst-prosjekt som nyttar bilete frå omløpsfotograferinga.



Figur 3: Regionvis rullering av Geovekst-prosjekt

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Gjennomføre periodisk ajourføring i samsvar med geodataplanen	Kartlegging kvart 4. år for alle kommunane.	Involvering av geovekst-partane i planlegging og gjennomføring av prosjekta. Følgje rutinane for mottakskontroll.	Kartverket/ geovekst-partane	Årleg
Sikre at det løpande ajourhaldet av FKB-data held høg kvalitet.	Mellom dei periodiske kartleggingane må data haldast fortløpande oppdatert av dei enkelte partane for at datasetta ikkje skal forringast. Det kan variere kor høgt dette arbeidet blir prioritert.	Årlege vedlikehaldsrundar i alle kommunar: Sende kommunane oversikt på data som det bør ryddast i, jf. kontroll-løyper nemnt under nasjonale mål. Gje kommunane tilbakemeldingar i form av rapportar og nettmøte om kva som er gjort og kva som står att å gjere når runden er avslutta.	Kartverket/ geovekst-partane	Årleg
Alle kommunane i fylket skal i løpet av planperioden kome over 90% samsvar mellom nybygg/ byggnings- endringar i Matrikkelen og flater i FKB datasetta Tiltak og Bygning.	Reduksjonsfakt or-indikator: I 2022 var det berre 2 av 26 kommunar som ikkje nådde 90%-målet.	Varsel om reduksjonsfaktorrunde med førebelse tal blir sendt ut den 1.04, 1.08 og 1.12. Avrekning skjer omlag 14 dagar etterpå. Ein kommune manglar stadig tiltaksbase. Dette må rettast på. Besøk hos kommunar som ikkje klarer å nå målet.	Kartverket/ kommunane	2024
Minimere talet på nybygg som blir liggande på område registrert som jordbruksareal i AR5.	Reduksjonsfakt or-indikator: I 2021 var det 58% av kommunane som hadde denne type feil. I 2022 var talet nede i 34%.	Varsel om reduksjonsfaktorrunde med førebelse tal blir sendt ut den 1.04, 1.08 og 1.12. Avrekning skjer ca. 14 dagar etterpå.	Kartverket/ kommunane	2024

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Bygningskontroll-løype: Redusere talet på avvik med 10% årleg.	Antall avvik pr. juli 2023: 2502	Køyre konsistenskontrollar i samband med vedlikehaldsrundane. Sende varsel med avvikslistar til kommunane ca. ein måned i forkant. Følgje opp med praktisk rettleiing.	Kartverket, Kommunane	Årleg
Samferdselskontroll-løype: Redusere talet på avvik med 10% årleg.	Antall avvik pr. september 2023: 264	Køyre konsistens-kontrollar i samband med vedlikehaldsrundane, rette opp feil. Må også sjekkast mot ruter-basen og N50-data.	Kartverket	Årleg
Betre oversikt over planlagde endringar i terrenget og FKB-data.	Ta i bruk nye tiltakstypar i FKB-Tiltak.	Etablere og innarbeide rutinar for aktiv bruk av FKB-Tiltak 5.0 der det både blir fanga opp byggesaksbehandling i kommunane og utbyggingsområde for samferdsel frå Vegvesenet og fylkeskommunane.	Kommunane, Vegvesenet, Fylkeskomm, Kartverket	2025
Sørge for samsvar mellom adresser i Matrikkelen og Elveg.	Pr. september 2023: 1594 vegadressepunkt som ikkje ligg i nærleiken av vegnett med same adressekode.	Køyring av kontrollfunksjonar som viser kva adressepunkt som manglar eller har feil referanse i Elveg. Formidle desse til kommunane i samband med vedlikehaldsrunden. Kommunen oppdaterer Elveg, ev. kan dei legge inn tilkomspunkt i matrikkelen. Køyre ny distribusjon av presentasjonsdata (brukt i WMS-tenester m.m.) i etterkant.	Kartverket/ kommunane	Løpande
Gjennomføre konsistenskontrollar mot N50 for å forbetre fullstende og konsistens på utvalde objekttypar. Med mål om 90% samsvar i tettbygde strøk.	Manglande samsvar mellom FKB-datasetta og N50. Gjeld særleg FKB-leidning, FKB-Bygningsmessige-Anlegg og FKB-arealbruk	Køyre kontrollar mot N50 som avdekkar moglege feil i dei aktuelle datasetta i samband med vedlikehaldsrundane Rette opp eventuelle feil. I FKB-Arealbruk fokus på objekta: Grustak, Park, Skytebane, Alpinbakke, Golfbane, Campingplass. I FKB-BygnAnlegg fokus på objekta: KaiBrygge, Moloar, Hoppbakkar og Rørgate	Kartverket	Årleg

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Alle FKB-data med grunnrissnøyaktigheit betre enn 2 meter på terrengnivå skal få påført høgde frå NDH.	Ein del manglar på FKB-vann, FKB-TraktorvegSti og FKB-veg.	Legge på høgde frå NDH. Dette gjeld primært FKB-vann, FKB-TraktorvegSti og FKB-veg	Kartverket	2024
Opprydding i traktorvegar og stia.	Mange traktorvegar har ufullstendig geometri. Ein del slike vegar er gjengrodde og bør omklassifiserast til sti.	Gjennomgang av traktorvegar registrert i FKB mot ortofoto og skyggemodellar. Verifisering av kommunane. Geometri som finst i Rutebasen, men manglar i FKB skal overførast til FKB.	Kartverket, kommunane	2024-2025
Betre ajourhaldet av FKB-Leidning.	Mange mindre kraft/nettselskap har lite fokus på ajourhald av FKB.	Informasjon direkte til nettselskapa om ajourhaldsrutinar. Årlege vedlikehaldsrundar i alle kommunar.	Kartverket, nettselskapa	Løpande
Informere partane om Nasjonalt register over luftfartshinder.	Den nye NRL-forskrifta tredde i kraft frå 1.1.2023	Informasjon direkte til nettselskapa, enten nettbasert eller ved personlege frammøte. Fagdag e.l. når ny forskrift om rapportering av luftfartshinder er klar.	Kartverket, partane	
Samsvarssjekk mellom FKB-ledning og NRL.	Den nye NRL-forskrifta tredde i kraft frå 1.1.2023	Køyre konsistenskontrollar (avviksrapportar)mellom FKB og NRL på utvalde objekttypar: - Vindturbinar - Høgspennlinjer (master og luftspenn) – Telemaster Dataeigar bidrar med verifisering.	Kartverket, partane	Løpande
Sikre at rette stadnamn frå Sentralt Stadnamnregister (SSR) blir nytta i FKB.	Stadnamn er ei viktig kjelde for blålysetatane og andre brukarar for å finne rett posisjon. Viktig at dei rette stadnamna finst på kart.	Kontinuerleg overføring av endringar i SSR til namneutvalet som vert brukt i FKB. Kvalitetsforbetringar i SSR.	Kartverket	Løpande

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Gjennomføre ajourføring av FKB C/D-områda i heile fylket.	Eksisterande data er til dels svært gamle, og blir ikkje ajourført gjennom andre prosjekt.	Ajourføre FKB-data i område med FKB C/D-standard gjennom eit eige Geovekst-prosjekt som nyttar bilete frå omløpsfotograferinga som grunnlag for konstruksjon.	Kartverket, partane	2025
Ta i bruk nye funksjonar som ligg i FKB 5.0.	FKB 5.0 opnar for nye måtar å kontrollere datakvalitet og vise samanheng mellom objekta på.	- Innføring av assosiasjonar - Vurdere innføring av eksternepeikarar FKB-Bygning, FKB-Ledning, FKB-Veg m.m.	Kartverket, Kommunane, andre Geovekst-partar	2024-2025
Implementere FKB-GRØN-STRUKTUR	Nytt FKB-datasett, vedtatt i september 2023.	Uavklart		2024-2027


4.1.2 Ortofoto og andre biletedata

Ortofoto er målestokksriktige flybilete. Ortofoto vert laga anten av bilete frå nasjonalt program for omløpsfotografering (normalt med oppløysning på 25 cm) eller i samband med Geovekst-prosjekt (normalt med oppløysning på 10 cm). Eventuell etablering av andre biletedata (som skråfoto) må vurderast i dei lokale samarbeida.

Nasjonal målsetjing

Dei nasjonale målsetjingane bygger opp om tiltak 9 *Videreutvikle detaljerte grunnkart (FKB) for fremtiden*, i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

Gjennom omløpsprogrammet blir heile landet dekket med nye ortofoto med eit omdrev på 6-8 år. For tettare busette område og område med særskild interesse, er det ønskeleg med eit hurtigare omdrev og betre oppløysning enn det omløpsbileta gir. Dette må vurderast i dei lokale samarbeida.



Figur 4: Plan for Omløpsfotografering per september 2023.

Målsetjing i Møre og Romsdal

- Det skal etablerast ortofoto i samband med Geovekst FKB prosjekt i Møre og Romsdal.
- Fleire historiske ortofoto skal tilgjengeleggjerast.

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Gjere fleire historiske ortofoto tilgjengelege	Partane har stor nytte av historiske ortofoto i sakshandsaming og planlegging.	Skaffe oversikt over bilete i arkivet, og sette opp forslag til ny runde med digitalisering og ortofoto. Prosjektleiing gjennom Kartverket, lokal finansiering.	Kartverket/kommunane	2024-2025
Bruke omløpsfoto frå 2022-24 til periodisk ajourhald av AR5	Bilete frå omløp 2022 i nordre del av fylket vert nytta til ajourføring av AR5 i 2023/24. På noverande plan for omløpsfotografering vil resten av fylket bli fotografert i 2024.	Kartverket koordinerer arbeidet saman med Statsforvaltaren si landbruksavdeling, NIBIO og kommunane. FGU tilrår at vi i Møre og Romsdal som hovudregel bestiller opsjonen CIR-ortofoto.	NIBIO/Kartverket/Geovekst	Når bileta er tilgjengelege f.o.m. året etter datafangst.

4.1.3 Detaljerte høgdedata (terreng og overflate)

I løpet av 2022 er det etablert ein nasjonal detaljert høgdemodell (NDH) for heile landet. I hovudsak er prosjektet gjennomført ved måling med laser (231.000 km²), gjenbruk av eksisterande laserdata frå Geovekst (57.000 km²) og bilete-matching i større samanhengande fjellområde utan vesentleg vegetasjon (36.000 km²). Det er Kartverket sentralt som har koordinert prosjektet i tett samarbeid med nasjonale etatar og Geovekst. På regionalt nivå har Geovekst sørga for tilleggsfinansiering i område der større punkttettleik har vore ønska.

Eventuell etablering av andre høgdedata vert vurdert i dei lokale samarbeida. Dette kan til dømes vere relevant etter større terrenginngrep.

Høgdekurver skal bli avleia frå NDH/høgdedata (frå laser eller biletmatching) - høgdemodellen er primærkjelda for høgdeverdiar.

Dataa kan brukast til mellom anna analysar av skred-, flaum- og rasfare. Dei vil også vere viktige i samband med arealplanlegging og bidra til å betre flytryggleiken.

Nasjonal målsetjing

Dei nasjonale målsetjingane bygger opp under tiltak 8 *Nasjonal detaljert høgdemodell*, i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

I perioden fram til 2022 er det etablert ein nasjonal detaljert høgdemodell (NDH) for heile landet, tilgjengeleg for alle gjennom www.hoydedata.no. Partane skal gjennom geodataplanlegginga vurdera kva område som skal laserskannast på nytt for å forbetre kvaliteten til den nasjonale høgdemodellen (betre oppløysing, nyare data etc.). Laserdata etablert gjennom Geovekst-prosjekt skal oppdatere høgdemodellen.

Endeleg avklaring om korleis finansiering og rettigheit skal praktiserast er enno ikkje klårt. Dette heng saman med korleis "The Directive on open data" (ODD-direktivet) vert implementert i Noreg.

Etter Gjerdrum-ulykka har det vorte meir fokus på større samanhengande kvikkleire-område med stort potensial for menneskelege og materielle tap. NVE vil i samarbeid med Geovekst-partane følgje opp dette gjennom eit program for periodisk laserskanning.

Det er ynskjeleg at det i planperioden vert gjennomført testprosjekt i fylka for utprøving av ny teknologi og nye plattformer for datafangst. Slike prosjekt skal gjennomførast i tett dialog med Geovekst nasjonalt.

Målsetjing i Møre og Romsdal


Det blir tilrådd å auke punkttettleiken til minimum 5 pkt./m² i FKB-B område, der den ikkje allereie er det. Dette er for å auke nytteverdien.

Laserskanning av større område skal følgje same plan for rullering som for FKB-kartlegginga, jamfør Figur 3: Regionvis rullering av Geovekst-prosjekt.


Du kan sjå status for punkttettleik og prosjektalder på hoydedata.no. Velg Vis i kart – Avansert-Prosjektalder eller Bestilt punkttetthet.

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Ajourhald av etablert NDH	Forbetring av punktettleik.	Skanning av aktuelle område etter same regionvise rullering som FKB-kartlegginga.	Aktuelle geovekstpartar	I løpet av planperioden
Ajourhald av etablert NDH	Ny datafangst, grunna vesentlege endringar i terrenget.	For små areal, eller ved behov for å få nye data raskt, kan ein vurdere om datafangst med bruk av droner er mest tenleg.	Aktuelle Geovekstpartar	Ved behov



Figur 5: Punktettleik for høgdedata per september 2023. Merk at store områder på søre Sunnmøre er skanna i 2023, med 10 pkt/m².



Figur 6: Prosjektalder for høgdedata per september 2023. Merk at øyane i gamle Midsund kommune er skanna i 2022, med 10 pkt/m², og at store område på søre Sunnmøre er skanna i 2023 med 10 pkt/m².

4.1.4 Matrikkeldata og administrative grenser

Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom, bygningar, brukseiningar og adresser. Gjennom matrikkelen skal viktige eigedomsopplýsingar være tilgjengeleg på ein einsarta og påliteleg måte for alle faste eigedommar i landet. Matrikkelen utgjør saman med Folkeregisteret og Einingsregisteret de tre basisregistrene i landet. Og matrikkelen er av Digitaliseringsdirektoratet utpekt som en av 25 nasjonale fellesløysingar som skal kunne gjenbrukas i utvikling av offentlege digitale tenester. Matrikkelen er skjermingsverdig objekt etter sikkerhetslova som setter krav til kommunar og Kartverket som matrikkelmynde om å sikre matrikkeldataa sin tilgjengelegheit, integritet og konfidensialitet.

Kartverket er sentral og kommunane lokal matrikkelmynde, jf. matrikkelloven § 5a.

Det er kommunane som har ansvar for å utføre oppmålingsforretningar og føre matrikkelen i egen kommune. Kartverket skal sørge for ordning, drift og forvaltning av matrikkelen. Kartverket gjennomfører kurs, godkjenner dei som skal føre matrikkel, autoriserer landmålarar og fører tilsyn med kommunane etter matrikkelloven.

Nasjonal målsetjing

Dei nasjonale målsetjingane følger av matrikkellovens formål og føresegner, i nasjonal geodatastrategi og i Kartverkets strategi:

- Oppretthalde finansiell stabilitet
- Effektivisere offentlig forvaltning

- Styrke samfunnsikkerheit og beredskap
- Skape eit berekraftig samfunn – klima og miljø
- Auke innovasjon og næringsutvikling

Matrikkelen skal i tråd med regelverk og instruks føres einsarta og innafør gitte tidsfristar.

For åra 2024 – 2026 skal det være ekstra fokus på matrikkelen sin rolle som nasjonal fellesløyning i nytt verdsettingssystem for fritidsbustader i formuesskatten.

Kommunar med få MUF-ar (matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning) over frist: Det er viktig at kommunen har kontroll på utsette oppmålingsforretningar. Det er kommunen sjølv som gjer vedtak og som set frist. Kommunen skal sette ein «fornuftig» frist (dato) for fullføring. Seinast to år for fullføring med parter i marka. Gjenstående merking kan etter søknad bli utsett ytterlegare 3 år (totalt 5 år maksimal frist for fullføring).

Dersom fristar ikkje blir overhaldne, vil det medføre at 2/3 av gebyret bli tilbakebetalt. Det skal skje på kommunen sitt eige initiativ. Minner om at statsforvaltar etter lova kan gripe inn og fullføre saker for kommunen si rekning.

Ikkje fullførte oppmålingsforretningar som er oppretta etter 1. januar 2021 og som er utgått på dato blir rekna som ferdige. Endringar av grenser på slike skal fullførast etter ML §17 Klarlegging av eksisterande grense.

Kommunen bør laga seg rutinar som sikrar at vidare gjennomføring skjer i tråd med regelverket. Gjerne dela og inspirera andre til å nå same mål.

Målsetjing i Møre og Romsdal

- Alle adresseverdige objekt skal ha vegadresser i Matrikkelen i løpet av 2025.
- Kvalitetsheving av Matrikkelen:
 - Minimere talet på matrikkeleiningar utan teig i kartet.
 - Minimere talet på “Sirkeleigedommar” (fiktive grenser)
 - Minimere teigar med fleire gnr/bnr og teigar med matrikkelnummer-manglar.
 - Auka satsing på å kvalitetsheve opplysningar om fritidsbygningar (sjå tabell 1).
 - Ovanfor kommuneleinga: Kommunisere behov for å sette av nok ressursar til arbeidet med kvalitetsheving.
 - Ovanfor kartverket sentralt: Formidle behov for kvalitetshevingsprosjekt t.d. gjennom massiv innlegging.
- Betre samkøying/konsistens mot FKB-Bygning og FKB-Tiltak. Best om byggesakahandsamar fører både matrikkel og fkb-bygning.
- Arbeide for at Ikkje-fullførte oppmålingsforretningar (MUF) blir fullførte innan fastlagt frist.

1. Antall bygg og fullstendighet										
Fylke	Kommune	Antall bygg	Antall uten næringsgruppe	Antall uten vann forsyning	Antall uten avløp	Antall uten bebygg areal	Antall uten bruks areal	Antall uten brutto areal	Antall uten opp varming	Antall uten energi kilde
Total		20 840	2 846	14 498	16 689	14 541	3 671	18 410	15 775	15 669
15 MØRE OG ROMSDAL	Total	20 840	2 846	14 498	16 689	14 541	3 671	18 410	15 775	15 669
	1505 KRISTIANSUND	534	61	430	469	434	62	527	476	476
	1506 MOLDE	1 891	72	1 323	1 475	896	141	1 354	1 619	1 595
	1507 ÅLESUND	1 766	372	1 229	1 339	1 396	584	1 432	1 493	1 491
	1511 VANLIVEN	469	161	313	400	362	284	428	356	352
	1514 SANDE	347	75	87	108	301	227	331	268	266
	1515 HERØY	294	60	249	280	246	165	294	252	251
	1516 ULSTEIN	266	19	240	254	236	24	266	241	241
	1517 HAREID	156	13	144	154	136	33	156	143	143
	1520 ØRSTA	885	81	674	771	735	156	775	701	690
	1525 STRANDA	1 068	35	441	643	672	41	867	466	461
	1528 SYKKYLVEN	778	171	296	392	495	274	763	376	373
	1531 SULA	139	0	133	137	1	0	137	135	133
	1532 GISKE	56	0	28	51	53	0	56	35	35
	1535 VESTNES	786	306	603	676	569	12	758	656	655
	1539 RAUMA	1 361	5	995	1 214	1 141	22	1 318	1 118	1 125
	1547 AUKRA	71	17	39	37	46	29	71	60	57
	1554 AVERØY	547	70	421	446	417	1	514	438	435
	1557 GJEMNES	763	507	635	680	629	17	141	687	686
	1560 TINGVOLL	1 160	25	960	1 074	848	47	1 133	1 042	1 028
	1563 SUNNDAL	950	96	646	755	93	33	822	228	212
	1566 SURNADAL	1 562	1	1 420	1 487	1 122	84	1 558	1 443	1 440
	1573 SMØLA	613	200	494	515	518	407	569	517	511
	1576 AURE	1 517	0	1 147	1 375	1 173	48	1 495	1 126	1 124
	1577 VOLDA	896	104	593	625	579	461	846	745	740
	1578 FJORD	1 087	365	582	778	748	487	969	726	718
	1579 HUSTADVIKA	878	30	376	554	695	32	830	428	431

Figur 7: Fritidsbygg i matrikkelen i Møre og Romsdal. Manglar ved datagrunnlaget.

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Gjennomfør MUF i tråd med regelverket (M2)	Status for MUF over frist : Ca 50% av alle MUF har gått ut på dato.	Sikre at ikkje fullførte oppmålingsforretningar (MUF) blir fullførte innan fastlagt frist. Avvikle restansane med MUF etter matrikkellova. Utarbeide rutinar for å sikre gjennomføring i tråd med regelverket	Kartverket/ Kommunane	Måltal 2024: 25% Måltal 2025: 15 %
Nytta vegadresser (A1)	Status vegadresser: 95,56 %	Innføre vegadresser i områder der det er matrikkeladresser.	Kartverket/ Kommunane	Måltal 2024: 97% Måltal 2025: 99 %
Matrikkeleiningane grunneigedom, fest grunn og jordsameie har teig (M1)	Matrikkeleining utan teig (pr. oktober 2023): 5489 stk.	Aktiv rettleiing og oppfølging av kommunar. Kommunesamarbeid. Kommunisere ressursbehov til å utføre kvalitetshevinga i kommunen til kommuneleinga.	Kartverket/ Kommunane	
Matrikkel og grunnbok samsvarar med omsyn på om matrikkeleiningane er utgått eller bestående (M3)	Antall avvik (pr. oktober 2023): 66 stk.	Følge opp kommunar med mange avvik	Kartverket/ Kommunane	

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Matrikkeleiningane har teigar som er avgrensa med eigedomsgrenser (ev. hjelpelinjer) og utan bruk av fiktive linjer (M5	Matrikkeleining med fiktive grenser (pr. oktober 2023): 19255 stk.	Aktiv rettleiing og oppfølging av kommunar. Kommunesamarbeid. Kommunisere ressursbehov til å utføre kvalitetshevinga i kommunen til kommuneleiinga.	Kartverket/kommunane	
Lovpålagte datafelt for areal i bygning skal fyllast ut på bygningar registrert etter 1. januar 2010 (B1	Antall bygg registrert i 2023 Utan næringsgruppe: 29 Utan vassforsyning: 1577 Utan avløp: 1598 Utan bebygd areal: 484 Utan bruksareal: 464 Utan bruttoareal: 1992	Aktiv rettleiing og oppfølging av kommunar. Kommunesamarbeid. Kommunisere ressursbehov til å utføre kvalitetshevinga i kommunen til kommuneleiinga.	Kartverket/kommunane	
Vedtak om nye bygningar og bygningsendringar skal førast innan femdagarsfristen (B2	57 % innan frist i 2023	Byggesakshandsamar bør sjølv føre bygg i Matrikkelen. Marknadsføre dette som ressurs-sparande tiltak.	Kartverket/kommunane	Måltal 2025: 90 %
Betre konsistens mellom Matrikkelbygningar, FKB-Bygning og FKB-Tiltak. Redusere avvik med minst 10% årleg.	Tre datasett som heng nøye saman. Avvik vil oppstå dersom oppdateringar skjer i eitt av dei, utan at dei øvrige vert følgt opp.	Køyre konsistens-kontrollar i samband med vedlikehaldsrundane. Sende avvikslistar til kommunane. Følgje opp med praktisk rettleiing	Kartverket/kommunane	

4.3 Plandata

[Geodataloven](#) og [Plan- og bygningsloven](#) (pbl) med forskrifter stiller mellom anna krav til etablering, forvaltning og tilgjengeleggjering av plandata, dessutan at kommunar skal levere årsversjonar av spesifiserte datasett i planregisteret til Kartverket.

[Nasjonal geodatastrategi](#) med tilhøyrande [handlingsplan, tiltak 5](#):

«Heve kvaliteten på arealplandata – forbetre tilgang til planregister» gir føringar.

Gode, oppdaterte plandata, med løpande forvaltning og påliteleg datatilgang for offentlege etatar, innbyggjarar og næringsliv.

- sikre forankring og tid til å føre relevant informasjon i planregisteret
- sikre meir fullstendigheit i dei kommunale planregistra gjennom fortløpande oppdatering
- sikre betre samhandling og tilgang til arealplandata

For at Norge digitalt-partar skal kunne gjera sitt arbeid på ein effektiv og kvalitetssikker måte, har dei behov for effektiv og robust tilgang til oppdaterte digitale plandata med god kvalitet. Dette gjeld for alle planstatusar og frå flest mogleg kommunar.

Nasjonale og regionale mål og tiltak skal støtta opp under dette.

Nasjonal målsetjing

Sikra forankring og tid til å føre relevant informasjon i planregisteret.

- Forankra i leiinga.
- Prioritert oppgåve.

Sikra meir fullstendigheit i dei kommunale planregistra gjennom fortløpande oppdatering.

- Etablere rutinar for løpande forvaltning.
- Gjennomføre/delta på kurs i forvaltning av planregister.
- Etablere kommunesamarbeid for å bidra til å sikra forvaltning og deling av arealplanar i kommunar som ikkje har ressursar/kapasitet/kompetanse sjølv.
- Styrke kvaliteten på kartdelen av planregisteret gjennom ytterlegare vektorisering og kvalitetsheving av aktuelle planar.


Sikra betre samhandling og tilgang til arealplandata.

- Bidra til at flest mogleg kommunar deler sine digitale planbasar med Norge digitalt gjennom geosynkronisering - alle planstatusar, plannivå og plantypar.
- Bidra til å sikra robust og stabil geosynkronisering.
- Bidra til at alle kommunar leverer årsversjonar til Kartverket, fortrinnsvis ved geosynkronisering, og at årsversjonane inneheld vedtekne kommuneplanar/-delplanar og reguleringsplanar.
- Medverke til utvikling på planområdet, t.d. ved å beskriva brukarbehov, delta i arbeids- og referansegrupper, vera pilotkommunar, ved å tidleg ta i bruk nye løysningar som kjem eller ved å gi tilgang på data til testing av nye digitale løysningar.
- Kommunane blir oppmoda om å oppheva gamle planar ved til dømes kommuneplanrulling for å sikre eintydig tolking og likebehandling.


Avtalar med og leveransar frå kommunane til Norge digitalt og årsversjonar til Kartverket skal handterast gjennom [FDV-avtalen](#) med vedlegg.

Målsetting i Møre og Romsdal

- Sikre god teknisk kvalitet i kommunale planar så tidleg som mogleg (høyringsfase)
- Få flest mogleg kommunar til å innføre geosynkronisering av plan innan planperioden
- Få alle kommunar med geosynkronisering til å klare løpande planforvaltning med ferske data og å synkronisere alle planstatusar
- Få oppdaterte kommune- og kommunedelplanar (inkl. sjøområdeplanar) frå alle kommunar, helst gjennom geosynkronisering
- Auke kommunal kompetanse til å forvalte kommunen sine digitale planbasar (kurs og fagdag)
- Forbetre bruken av temadata i saksbehandlinga av kommunale planar



Figur 7: Innføring av Geosynkronisering Plan. Kommunegrensene gjelder frå 01.01.2024



Figur 8: Ikraftdato for kommuneplanar og kommunedelplanar (tatt frå Kartverket sin planbase). Det er her ikkje skilt mellom kommunedelplanar og kommuneplanar, så desse kan delvis overlappe. Kommunegrensene gjelder frå 01.01.2024.

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Sikre god kvalitet i kommunale planar (til høyring).	Tekniske feil i kommunale planar fører til forseinkingar i saksbehandling,	Kartverket tilbyr teknisk plankontroll i samband med behandling av reguleringsplanforslag til alle kommunar.	Kartverket	Løpande
Sikre god kvalitet i kommunale planar (vedtekne).	Tekniske feil i kommunale planar minskar verdien av «Plan»-produktet i GEONORGE,	Kartverket utfører teknisk plankontroll for alle kommunar (heile planbasen) 2 gongar i året, 1 gong i året for «geosynk» kommunar.	Kartverket	Løpande
Sikre god kvalitet i kommunale planregister.	Feil i innhaldet minskar verdien av digitalt planregister som informasjonskjelde om til ei kvar tid gjeldande arealbruk,	Kartverket utfører samsvarssjekk mellom kartdelen og bokdelen av planregisteret èin gong i året for «geosynk» kommunar.	Kartverket	Løpande
Sikre gode rutinar for planflyt og planforvaltning og følgje opp status av digitalt planregister.	Forsinka oppdatering minskar verdien av digitalt planregister som informasjonskjelde om til ei kvar tid gjeldande arealbruk. Det er behov for opplæring og rettleiing.	Kartlegge saman med Fylkeskommunen status av bruk av sakssystem og tilhøyrande planmodular som kommunar bruker. Følgje opp kartlegging av status av digitalt planregister, organisere felles møte i fylket for leiarar og politikarar kor verdien av digital og oppdatert planregister blir formidla.	Kartverket og Fylkeskommune, Statsforvaltar	I planperioden
Få alle kommuneplanar inn i digitale forvaltningsløysningar.	Framleis er ein del kommuneplanar ikkje tilgjengelege i SOSI-format.	Hjelpe kommunane med oppgradering av eldre kommuneplanar eller gje teknisk bistand i kommuneplanprosess.	Kartverket	I planperioden
Organisere lokale plankurs, supplere med nasjonale digitale kurs	Skiftande medarbeidarar, manglande kompetanse eller ikkje oppdatert kompetanse, innføring av nye verktøy og rutinar f.eks. sosi 5.0, Fellestjenester Plan,	Gjennomføre årlege lokale kurs/eller fagdagar om forvaltning av digitale planer, sikre basiskunnskap gjennom nasjonale digitale kurs.	Kartverket	I planperioden

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Få fleire kommunar til å synkronisere kommuneplanar	Synkronisering av kommuneplanar er frivillig og det fleste kommunar har valt å ikkje synkronisere.	Selje inn fordelane med geosynkronisering av kommuneplanar.	Kartverket	I planperioden
Bidra til å sikre robust og stabil geosynkronisering til NAP	Kommunar opplever varierende stabilitet.	Permanent overvaking av løysninga, feil må reagerast på med ein gong	Kartverket	I planperioden
Forbetre informasjonsflyt om planstatus (høyring, vedtak) mellom kommunen og Kartverket	Kartverket er ikkje alltid oppdatert om pågåande planprosess i kommunen, Kartverket kan ikkje garantere at planbasar (høyring, vedtatt) i Geonorge er oppdaterte og fullstendige.	Vurdere endringar i dataflyt i samarbeidet med kommunane og fylkeskommune og statsforvaltar.	Kartverket, Kommunar, Fylkeskommune, Statsforvaltar	I planperioden

4.4 Temadata

Bruk av temadata er grunnleggande for å kunne løyse viktige samfunnsoppgåver knyta til miljø, klima, risiko og beredskap, planlegging og forvaltning.

Det offentlege kartgrunnlaget (DOK) er offentlege geografiske data som er tilrettelagde for plan- og byggesaksarbeidet i kommunane, inkludert også temadata. Føremålet med det offentlege kartgrunnlaget er å sikre ei kunnskapsbasert og effektiv planlegging og saksbehandling.

Kommunane skal årleg ta stilling til kva for datasett som skal vere det offentlege kartgrunnlaget i kommunen. DOK-lista vil vere ein kombinasjon av nasjonale DOK-datasett og DOK-tilleggsdata. Til hjelp i dette arbeidet har Kartverket utarbeidd rettleiar for stadfesting av DOK i kommunane og eigne DOK-verktøy i Geonorge. Kommunane blir oppmoda om å bidra med data til nasjonale datasett og til å utarbeide eigne datasett.

Temadata som er etablert kommunalt og regionalt, og som er av interesse for ein eller fleire regionale partar, bør gjerast tilgjengelege for Noreg digitalt via Geonorge.

Nasjonal målsetjing

Dei nasjonale målsetjingane bygger opp under tiltak 3 *Heve kvaliteten på det offentlege kartgrunnlaget (DOK)*, i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

- Alle aktuelle DOK-tilleggsdata (lokale data) som finst i kommunar skal registrerast og haldast ved like i Geonorge.
- Alle aktuelle lokale data skal forvaltast i nasjonale datasett i samarbeid med nasjonale etatar.
- Etablering av nye aktuelle kommunale datasett, samt registrering i Geonorge.
- Auka bruk av temadata i kommunal forvaltning.

Målsetting i Møre og Romsdal

- Rettleie kommunar med registrering av lokale temadata.
- Formidle nytteverdi om kunnskapsbasert planlegging til leiinga i kommunen
- Kompetanseheving gjennom fagdagar skal halde fram. Val av tema skal styrast av behov/ønsker frå kommunane.
- Oppmode kommunane til å melde frå om behov på dette feltet til Kartverket.
- Delta i nasjonal innsats for forbedring av geometri i vegnettverk gjennom datasett om tilgjengelegheit og Tur- og friluftsruter.
- Vidareføre arbeidet med kvalitetsheving av FKB Vann mha. dreneringslinjer
- Arbeide for kartlegging av stikkrenner og kritiske punkt i bekk og vassdrag

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Årleg revisjon av kommunane sine lister over valde DOK-data.	25 kommunar har valt ut DOK datasett, her av 6 med dato i 2022 (pr. 21.09.22).	Informasjonsarbeid og praktisk rettleiing.	Kommunane/ Kartverket	I planperioden
Etablere diskusjonsforum for forbedring av DOK data.	Dagens DOK data er ikkje alltid egna for plan- og byggesaksbehandling.	Diskusjonsforum.	Kartverket/PTU/ Kommunar/Fylkeskommune, Statsforvaltaren	I planperioden
Fokus på kommunale DOK data	Lokale DOK data er ein god måte å bevare datasett frå utgreiingar og analyser utført på avgrensa områder. Vi har ingen kommunale DOK-data i vårt fylke, men det finst t.d. lokale støyrapportar.	Utreie kva lokale datasett som finst og behov for sikring av data for framtidig kommunal planlegging. Støtte kommunar med tilrettelegging av kommunale DOK-data med f.eks. Fagdag og rettleiingsmateriell.	Kartverket/PTU	I planperioden
Kommunar som har registrert Tilgjengelighetsdata må holde desse oppdatert.	Unngå at utdaterte opplysningar gjer datasettet ubrukeleg.	Rettleiing/kurs for feltarbeidarar.	Kartverket/ kommunane	I planperioden

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Kvalitetssikre data i ruter-basen	Varierende dekning, delvis usikker kvalitet og utilstrekkeleg merking m.o.t sikkerheit i Tur- og friluftsruter.	Strengare krav til dokumentasjon av rutemerking, vedlikehaldsansvar og vanskegrad, samkøyring av kartleggings- og mottaksrutinar mellom dei ulike aktørane	Kartverket/ kommunane/ fylkes- kommunen	I plan- perioden
Jaktvald og jaktfelt	Det finst ingen einskapleg standard for forvaltning av geodata for Jaktvald og jaktfelt.	Utgreie moglegheit for å få laga ein standard for Jaktvald og jaktfelt.	PTU	I plan- perioden
Kvalitetsheving av FKB Vann	Kvaliteten på FKB vann datasettet er varierende Spesielt i FKB C og D områda er kvaliteten svært lav og skil seg betydeleg frå kvalitet i A- og B- områda. Pga. stadig fleire flaumhendingar og høgt utbyggingspress i elvedalar, ser vi behov for ei saumlaus kartlegging over korleis vatn flyttar seg i landskapet, dette som grunnlag for ei god og berekraftig vassforvaltning. FKK Møre og Romsdal har i 2023 starta arbeidet med kvalitetsheving av FKB Vann basert på dreneringslinjer berekna etter standardisert metodikk.	Arbeidet med kvalitetsheving av FKB-Vann skal vidareførast og utvidast til fleire objekttypar. Her kan ein nytte sommarvikarar og andre ressursar hos Kartverket. Ved kartlegging av stikkrenner (sjå ovanfor) må analyse av dreneringslinjer gjerast på nytt. Arbeidet med kvalitetsheving av FKB Vann skal koordinerast med pågåande geovekstprosjekt.	Kartverket	I plan- perioden

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Kartlegging av dreneringslinjer, kritiske punkt i bekk og vassdrag.	Klimaendringar fører til meir ekstremvær. Vi ser stadig fleire flaumhendingar og høgt utbyggingspress i elvedalar samtidig som vi manglar ei samordna kartlegging av korleis vatn forflytter seg i landskap. For ein slik analyse er det grunnleggande at stikkrenner og kritiske punkt i bekker og vassdrag er kartlagde. NVE har utvikla ein metodikk og utlyst midlar for ei slik kartlegging og det er ønskeleg at data hamnar i NVDB. Pr. i dag finst ingen tilrettelagt dataflyt frå kommunal kartlegging til NVDB. Mange kommunar vil heller ikkje starte slik kartlegging fordi dei opplever at tilgangen på rettleiing og oppfølging ikkje er tilstrekkeleg. Derfor blir dette tiltaket lett nedprioritert i kampen om kommunen sine avgrensa ressursar.	Det finst eit oppsett for analyse for kartlegging av dreneringslinjer utvikla av Kartverket. Analysen gjennomført i 2023 fungerte bra, men meir fullstendige stikkrenne-datasett vil bidra til vesentleg betre resultat. Resultatet av analysen kan gi grunnlag for kartlegging av kritiske punkt i felt. Planen er at kommunane jobbar saman i grupper for å utnytte midlar frå NVE betre og for å dra nytte av kunnskap opparbeida i dei enkelte kommunane. Etter kartlegginga av stikkrenner skal analysen for kartlegging av dreneringslinjer gjennomførast på nytt. I tillegg håper vi å finne ein effektiv metodikk for å la kartlagde data frå feltarbeidet flyte til NVDB.	Kommunane/ Kartverket	

4.5 Marine data

På land er det lange tradisjonar for geodatasamarbeid, standardisering og infrastruktur. Vassflata gir andre utfordringar enn på land i forbindelse med datainnsamling.

Kartverket, Norges geologiske undersøkelse og Havforskningsinstituttet har i tre år samarbeidet om å lage helt nye og detaljerte kart for tre utvalde pilotområder langs norskekysten, mellom anna i Ålesund og Giske.

Marine grunnkart i kystsona (<https://kartverket.no/geodataarbeid/marine-grunnkart-i-kystsonen>) er detaljerte kart som viser geografiske eigenskapar og forhold under vann i kystområde. Karta gir informasjon om havbotnen, sjødjupne, botnforhold, tidevatn, straumar, geologi, biologi, kjemisk miljøtilstand og andre aspekt av dei marine miljøa nær kysten. Marine grunnkart er viktige verktøy for å forstå og planlegge aktivitetar som fiskeri, skipsfart, kystsikring, miljøovervaking, og økologisk forvaltning. Dei hjelper og med å identifisere potensielle farar og høve i kystområdene, og de er avgjerande for å støtte ei berekraftig forvaltning av hav- og kystressursar.

Geodatakoordinering og infrastruktur vil gjere det mogleg å ha eit samanhengande kunnskapsgrunnlag på tvers av sjø og land i forbindelse med kommuneplanar og kystsoneplanlegging. Dette er avgjerande for å oppnå ein berekraftig og integrert planlegging av kystsoneområder. Det hjelper med å forstå de komplekse samanhengane mellom land- og sjømiljøa og sikrar at vedtak er basert på ei heilskapleg vurdering av alle relevante faktorar:

1. **Økosystemtilknytning:** Mange økosystem i kystområde er samankopla, og endringar som skjer på land, kan ha direkte eller indirekte innverking på marine økosystem og omvendt. For eksempel kan forureining frå land påverke vasskvaliteten i havet, og endringar i kystlandskapet kan påverke kysterrosjonen og sjøområda. Eit samanhengande kunnskapsgrunnlag bidrar til å forstå desse komplekse samanhengande og ta omsyn til dei i planlegginga.
2. **Berekraftig arealbruk:** Planlegging på tvers av sjø og land hjelper til med å koordinere arealbruk for å oppretthalde en berekraftig balanse mellom ulike aktivitetar og interesser. For eksempel må vedtak om arealbruk på land, som bustadutvikling eller industri, ta omsyn til effekten på marine ressursar og økosystem, som gyteområde for fisk.
3. **Klimatilpassing og katastroforebygging:** Samanhengande planlegging tar omsyn til klimaendringar og katastrofar som flaumar og stormflo. Dette inneber å forstå korleis land- og sjøområde påverkast av klimaendringar og utvikle tilpassingsstrategiar som tar omsyn til begge områda. For eksempel kan planlegginga for kystsikring og flaumforebygging omfatte både land- og sjøaspekt.
4. **Juridiske og administrative omsyn:** Juridiske og administrative rammer kan variere mellom land- og sjøområde. Å ha eit samanhengande kunnskapsgrunnlag hjelper myndene med å koordinere planlegginga og sikre at dei rette retningslinjene og forskriftene blir implementert både på land og i sjøen.
5. **Konfliktforebygging:** Interesser og konflikter kan oppstå mellom ulike brukarar av kystområda, for eksempel fiskarar, turismebransjen og landutviklarar. Eit samanhengande kunnskapsgrunnlag gir ein felles forståing av situasjonen og bidrar til å løyse konflikter gjennom en integrert tilnærming.
6. **Effektiv ressursforvaltning:** Effektiv forvaltning av marine ressursar krev ei heilskapleg tilnærming som tar omsyn til både land- og sjøområda. Dette hjelper med å unngå overutnytting av ressursane og oppretthalde sunne økosystem.

Eit satsingsforslag om marine grunnkart i kystsona som eit nasjonalt program er levert til regjeringa med foreslått oppstart i 2024.

Målsetjing i Møre og Romsdal

Vi skal jobbe mot kartlegging i fylket i samarbeid med fylkeskommune Møre og Romsdal.

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Statusmøte Marine Grunnkart.	Kommunane ønsker informasjon om vegen videre, finansiering og prioritering i fylke.	Teams møte	KV	I planperioden

5 Kompetanse

Ein viktig suksessfaktor for Noreg digitalt er at deltakande partar har tilstrekkeleg kompetanse til å utnytte potensialet i å vere ein del av samarbeidet. Det er difor behov for påfyll av fagkompetanse med jamne mellomrom.

Nasjonal målsetjing

Gjennom Noreg digitalt-samarbeide tilby og gjennomføre nødvendige og ønska opplæringstiltak slik at samarbeidspartane på ein mest mogleg effektiv måte kan dra nytte av investeringane våre i ein felles geografiske infrastruktur.

Målsetjing i Møre og Romsdal

Auka kompetanse om oppdatering og bruk av geodata hos alle Norge Digitalt partane.

Delmål

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Utveksling og formidling av aktuell informasjon innanfor geodata-fagfeltet.	Behov for å møtast og å holde seg oppdatert. Ikkje minst viktig for dei som kjem frå små fagmiljø.	Arrangere regionvise, tematiske informasjonsmøte der også partane kan kome til orde.	Kartverket (arrangør), partane	To rundar årleg: vår og haust
Formidle kunnskap om innhald i og bruk av temadatasetta.	DOK inneheld ei mengde temadata som det kan vere vanskeleg å halde seg oppdatert på for kommunane. Behov for jamn tilførsel av informasjon.	Fagdag/workshop for kommunane Webinar i regi av Kartverket.	Kartverket, Plan- og temadatautvalet	Minst eitt arrangement årleg
Organisere lokale plankurs, supplere med nasjonale digitale kurs (webinar).	Skiftande medarbeidarar, manglande kompetanse eller ikkje oppdatert kompetanse.	Gjennomføre årlege lokale kurs/eller fagdagar om forvaltning av digitale planer, sikre basiskunnskap gjennom nasjonale digitale kurs.	Kartverket	I plan-perioden
Auke kompetansen i nettselskapa på vedlikehald av FKB-Leidning og NRL.	For lite oppdatering av leidnings-nettverket frå nettselskapa.	Informasjonsmøte for kraftselskapa.	Kartverket, nettselskapa	2024-2025

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Auka kompetanse på matrikkelføring.	Stadig nye endringar i regelverk og programvare. Utsifting av medarbeidarar i kommunane.	Informasjonsdagar	Kartverket, kommunane	I plan-perioden

6 Handlingsplan – sjå vedlegg

Fireårig handlingsplan som viser planlagde samarbeidsprosjekt (Geovekst, planprosjekt etc.). Handlingsplanen skal som eit minimum vise tidsavgrrensa prosjekt som skal samfinansierast og inneheld ein kostnadskalkyle som kan nyttast ved budsjettering. Eit utdrag av reknearket er vist under. Ein søkbar versjon av handlingsplanen finst som eit frittstående rekneark/vedlegg til dette dokumentet. Denne blir sendt til den enkelte samarbeidsparten ved førespurnad. (På grunn av reglane rundt UU-utforming av dokument som blir lagt på internett, kan vi ikkje legge ut handlingsplanane som søkbare rekneark.)

PROSJEKTINFO								KOSTNADER
								90 371 847
Fylke	Region	Prosjektnavn	Kommune(r)	Prosjekt-type	Oppstart-år	Antall	Enhet	Totalkostnad
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Kristiansund	FKB-C	2023	1	km2	500
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Averøy	FKB-C	2023	90	km2	45 000
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Gjemnes	FKB-C	2023	328	km2	164 000
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Tingvoll	FKB-C	2023	242	km2	121 000
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Sunndal	FKB-C	2023	1 594	km2	797 000
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Surnadal	FKB-C	2023	1 247	km2	623 500
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Smøla	FKB-C	2023	175	km2	87 500
MR	4	Møre og Romsdal FKB-C	Aure	FKB-C	2023	540	km2	270 000
MR	3	Møre og Romsdal FKB-C	Molde	FKB-C	2023	1 273	km2	636 500
MR	3	Møre og Romsdal FKB-C	Hustadvika	FKB-C	2023	349	km2	174 500
MR	3	Møre og Romsdal FKB-C	Vestnes	FKB-C	2026	305	km2	152 500
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Ålesund	FKB-C	2026	450	km2	225 000
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Giske	FKB-C	2026	1	km2	500
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Sula	FKB-C	2026	0	km2	0
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Sykkylven	FKB-C	2026	271	km2	135 500
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Stranda	FKB-C	2026	784	km2	392 000
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Fjord	FKB-C	2026	1 131	km2	565 500
MR	2	Møre og Romsdal FKB-C	Haram	FKB-C	2026	150	km2	75 000
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Vanylven	FKB-C	2026	305	km2	152 500
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Sande	FKB-C	2026	62	km2	31 000
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Herøy	FKB-C	2026	74	km2	37 000
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Ulstein	FKB-C	2026	63	km2	31 500
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Hareid	FKB-C	2026	47	km2	23 500
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Ørsta	FKB-C	2026	512	km2	256 000
MR	1	Møre og Romsdal FKB-C	Volda	FKB-C	2026	620	km2	310 000
MR	3	Møre og Romsdal FKB-C	Sunndal	FKB-C	2025	1 595	km2	797 500
MR	3	Møre og Romsdal FKB-C	Rauma	FKB-C	2025	1 288	km2	644 000
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Kristiansund	AR5	2023	88	km2	96 800
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Molde	AR5	2023	601	km2	661 100
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Ålesund	AR5	2026	450	km2	495 000
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Vanylven	AR5	2026	298	km2	327 800
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sande	AR5	2026	94	km2	103 400

Fylke	Region	Prosjektnavn	Kommune(r)	Prosjekt-type	Oppstart-år	Antall	Enhet	Totalkostnad
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Herøy	AR5	2026	113	km2	124 300
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Ulstein	AR5	2026	93	km2	102 300
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Hareid	AR5	2026	71	km2	78 100
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Ørsta	AR5	2026	442	km2	486 200
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Stranda	AR5	2026	204	km2	224 400
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sykkylven	AR5	2026	182	km2	200 200
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sula	AR5	2026	59	km2	64 900
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Giske	AR5	2026	41	km2	45 100
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Vestnes	AR5	2026	237	km2	260 700
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Rauma	AR5	2025	423	km2	465 300
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Aukra	AR5	2023	61	km2	67 100
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Averøy	AR5	2023	176	km2	193 600
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Gjemnes	AR5	2023	278	km2	305 800
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Tingvoll	AR5	2023	222	km2	244 200
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sunnadal	AR5	2023	288	km2	316 800
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Surnadal	AR5	2023	414	km2	455 400
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Smøla	AR5	2023	195	km2	214 500
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Aure	AR5	2023	267	km2	293 700
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Volda	AR5	2026	400	km2	440 000
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Fjord	AR5	2026	221	km2	243 100
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Hustadvika	AR5	2023	522	km2	574 200
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Haram	AR5	2023	150	km2	165 000
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Kristiansund	Omløp	2023	87	km2	4 347
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Molde	Omløp	2023	1 484	km2	74 212
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Ålesund	Omløp	2026	450	km2	22 500
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Vanylven	Omløp	2026	387	km2	19 353
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sande	Omløp	2026	93	km2	4 663
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Herøy	Omløp	2026	120	km2	5 994
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Ulstein	Omløp	2026	98	km2	4 876
MR	4	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Hareid	Omløp	2026	83	km2	4 142
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Ørsta	Omløp	2026	665	km2	33 235
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Stranda	Omløp	2026	869	km2	43 439
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sykkylven	Omløp	2026	339	km2	16 952
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sula	Omløp	2026	59	km2	2 942
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Giske	Omløp	2026	40	km2	2 015
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Vestnes	Omløp	2026	406	km2	20 292
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Rauma	Omløp	2025	1 453	km2	72 654
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Aukra	Omløp	2023	60	km2	3 019
MR	2	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Averøy	Omløp	2023	175	km2	8 733
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Gjemnes	Omløp	2023	383	km2	19 137
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Tingvoll	Omløp	2023	337	km2	16 875
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Sunnadal	Omløp	2023	1 706	km2	85 313
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Surnadal	Omløp	2023	1 358	km2	67 916

Fylke	Region	Prosjektnavn	Kommune(r)	Prosjekt-type	Oppstart-år	Antall	Enhet	Totalkostnad
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Smøla	Omløp	2023	275	km2	13 726
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Aure	Omløp	2023	644	km2	32 176
MR	1	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Volda	Omløp	2026	871	km2	43 550
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Fjord	Omløp	2026	1 194	km2	59 706
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Hustadvika	Omløp	2026	522	km2	26 086
MR	3	Møre og Romsdal AR5 - Omløp	Haram	Omløp	2026	150	km2	7 500
MR		LACHMR34 Historisk ortofoto 2024	Fylket	Historiske ortofoto	2024	20 000	bilder	8 000 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Ålesund	FKB-B-blandet_stripe	2024	237	km2	3 555 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Giske	FKB-B-blandet_stripe	2024	77	km2	1 155 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Sula	FKB-B-blandet_stripe	2024	59	km2	885 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Sykkylven	FKB-B-blandet_stripe	2024	60	km2	900 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Stranda	FKB-B-blandet_stripe	2024	88	km2	1 320 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Fjord	FKB-B-blandet_stripe	2024	77	km2	1 155 000
MR	2	LACHMR41 Sunnmøre nord 2024	Haram	FKB-B-blandet_stripe	2024	133	km2	1 995 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Ålesund	Laser-10pkt	2024	237	km2	948 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Giske	Laser-10pkt	2024	77	km2	308 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Sula	Laser-10pkt	2024	59	km2	236 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Sykkylven	Laser-10pkt	2024	60	km2	240 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Stranda	Laser-10pkt	2024	88	km2	352 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Fjord	Laser-10pkt	2024	77	km2	308 000
MR	2	LACHMR42 Sunnmøre nord Laser 2024	Haram	Laser-10pkt	2024	133	km2	532 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Kristiansund	FKB-B-blandet_stripe	2025	78	km2	1 170 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Averøy	FKB-B-blandet_stripe	2025	86	km2	1 290 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Gjemnes	FKB-B-blandet_stripe	2025	55	km2	825 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Tingvoll	FKB-B-blandet_stripe	2025	96	km2	1 440 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Sunndal	FKB-B-blandet_stripe	2025	113	km2	1 695 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Surnadal	FKB-B-blandet_stripe	2025	112	km2	1 680 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Smøla	FKB-B-blandet_stripe	2025	100	km2	1 500 000
MR	4	LACHMR51 Nordmøre 2025	Aure	FKB-B-blandet_stripe	2025	105	km2	1 575 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Kristiansund	Laser-10pkt	2025	78	km2	312 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Averøy	Laser-10pkt	2025	86	km2	344 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Gjemnes	Laser-10pkt	2025	55	km2	220 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Tingvoll	Laser-10pkt	2025	96	km2	384 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Sunndal	Laser-10pkt	2025	113	km2	452 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Surnadal	Laser-10pkt	2025	112	km2	448 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Smøla	Laser-10pkt	2025	100	km2	400 000
MR	4	LACHMR52 Nordmøre Laser 2025	Aure	Laser-10pkt	2025	105	km2	420 000
MR	3	LACHMR61 Romsdal 2026	Hustadvika	FKB-B-blandet_stripe_2	2026	174	km2	2 610 000
MR	3	LACHMR61 Romsdal 2026	Aukra	FKB-B-blandet_stripe_2	2026	55	km2	825 000
MR	3	LACHMR61 Romsdal 2026	Molde	FKB-B-blandet_stripe_2	2026	210	km2	3 150 000
MR	3	LACHMR61 Romsdal 2026	Rauma	FKB-B-blandet_stripe_2	2026	165	km2	2 475 000
MR	3	LACHMR61 Romsdal 2026	Vestnes	FKB-B-blandet_stripe_2	2026	103	km2	1 545 000
MR	3	LACHMR62 Romsdal Laser 2026	Hustadvika	Laser-10pkt_2	2026	174	km2	696 000

Fylke	Region	Prosjektnavn	Kommune(r)	Prosjekt-type	Oppstart-år	Antall	Enhet	Totalkostnad
MR	3	LACHMR62 Romsdal Laser 2026	Aukra	Laser-10pkt_2	2026	55	km2	220 000
MR	3	LACHMR62 Romsdal Laser 2026	Molde	Laser-10pkt_2	2026	210	km2	840 000
MR	3	LACHMR62 Romsdal Laser 2026	Rauma	Laser-10pkt_2	2026	165	km2	660 000
MR	3	LACHMR62 Romsdal Laser 2026	Vestnes	Laser-10pkt_2	2026	103	km2	412 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Vanylven	FKB-B-blandet_stripe	2027	87	km2	1 305 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Sande	FKB-B-blandet_stripe	2027	33	km2	495 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Herøy	FKB-B-blandet_stripe	2027	48	km2	720 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Ulstein	FKB-B-blandet_stripe	2027	36	km2	540 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Hareid	FKB-B-blandet_stripe	2027	36	km2	540 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Ørsta	FKB-B-blandet_stripe	2027	155	km2	2 325 000
MR	1	LACHMR71 Sunnmøre sør 2027	Volda	FKB-B-blandet_stripe	2027	252	km2	3 780 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Vanylven	Laser-10pkt	2027	87	km2	348 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Sande	Laser-10pkt	2027	33	km2	132 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Herøy	Laser-10pkt	2027	48	km2	192 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Ulstein	Laser-10pkt	2027	36	km2	144 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Hareid	Laser-10pkt	2027	36	km2	144 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Ørsta	Laser-10pkt	2027	155	km2	620 000
MR	1	LACHMR72 Sunnmøre sør Laser 2027	Volda	Laser-10pkt	2027	252	km2	1 008 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Ålesund	FKB-B-blandet_stripe	2028	237	km2	3 555 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Giske	FKB-B-blandet_stripe	2028	77	km2	1 155 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Sula	FKB-B-blandet_stripe	2028	59	km2	885 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Sykkylven	FKB-B-blandet_stripe	2028	60	km2	900 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Stranda	FKB-B-blandet_stripe	2028	88	km2	1 320 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Fjord	FKB-B-blandet_stripe	2028	77	km2	1 155 000
MR	2	LACHMR81 Sunnmøre nord 2028	Haram	FKB-B-blandet_stripe	2028	133	km2	1 995 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Ålesund	Laser-10pkt	2028	237	km2	948 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Giske	Laser-10pkt	2028	77	km2	308 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Sula	Laser-10pkt	2028	59	km2	236 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Sykkylven	Laser-10pkt	2028	60	km2	240 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Stranda	Laser-10pkt	2028	88	km2	352 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Fjord	Laser-10pkt	2028	77	km2	308 000
MR	2	LACHMR82 Sunnmøre nord Laser 2028	Haram	Laser-10pkt	2028	133	km2	532 000